



Aquapartner

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1598 - 14/12020

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:

15.08.2014

Godkjenning - avlaupsleidning og slamavskiljar på Eikeland gbnr 42/8 m.fl.

Administrativt vedtak. Saknr: 230/2014

Tiltakshavar: Meland kommune

Ansvarleg søkjar: Aquapartner AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1, motteke 20.05.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 27.06.2014 og 08.08.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging avlaupsleidning og slamavskiljar på Eikeland gbnr 42/8 m.fl.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomane ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-område. Anlegget gjeld infrastrukturenlegg knytt til eksisterande busetnad og er vurdert å ikkje krevja dispensasjon frå føremålet.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 19.03.2014 og 02.04. 2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3. Det ligg føre erklæring frå berørte grunneigarar, med rett til å leggja leidningar over privat grunn, samt plassering av ny slamavskiljar.

Plassering:

Leidningstraceen og slamavskiljaren si plassering er vist på situasjonskart motteke 20.05.2014.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er gjeve løyve til utslepp frå slamavskiljaren i sak DNT.14/2014. Utsleppet er også godkjent av Bergen og Omland Havnevesen 11.03.2014.

Ansvarsrettar:

Funksjon	Føretak	Org.nr.	L/S*	Tilt.kl.	Ansvarsområde
SØK/PRO	Aquapartner AS	963164157	S	2	Søknad/ prosjekterande
UTF	Alversund Maskinstasjon	937664044	S	2	Grunnarbeid/graving
UTF	Skarsvår Rør & Interiør	979679149	S	2	Rørinstallasjoner

*S= Sentral godkjenning, L=Lokal godkjenning.

Vedtak:

« Meland kommune gjev i medhald av Plan og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til opparbeiding av trace for legging av avlaupsleidning over fleire eigedomar, samt plassering av ny slamavskiljar, i samsvar med søknad motteke 20.05.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 27.06.2014 og 08.08.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 20.05.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett igong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn 2 år, jf plan- og bygningslova §21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglande i lov om offentlig forvaltning(fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meland kommune

Mottakere:

Aquapartner